

Årsmelding 2018 for Bygdelaget 5915

Desse har vore medlemer i styret sidan årsmøtet i 2018:

Gunnar Angelskår, Osvald Fyllingen, Ronny Fremstad, Inger Helen Midtgård og Elin F. Styve.

Lars Hagesæter var 1. vara.

Kort samandrag

Det har vore eit år prega av visse endringar. Bygdelaget si aktive rolle som pådrivar for å få Storstova realisert er over. No er det aktivitetar i Storstova og elles i bygda som står sentralt for bygdelaget. Å mobilisera bygdefolk og frivillige til felles innsats for trivsel og sosialt samhold er eit viktig mål.

Aktivitetane som blir skildra under svarer på måla i handlingsplanen for 2018. Alle tiltaka i handlingsplanen vart følgde med unntak av basar og flaskeinnsamling, som ikkje vart avvikla i 2018.

Aktivitetar:

- Første Liv Og Lyst-samling vart arrangert 8. april, der deltakarane fekk koma med forlag til handlingsplan for aktivitetar i prosjektet.
- 10. juni vart det arrangert ein eittårs-jubileumskonsert for Storstova, med mange lokale, ein internasjonal og eit nasjonalt talent på scenen. Det nyinnkjøpte flygelet vart brukt for første gong til stor glede for dei framømte.
- Ei namnetevling for enkeltromma i Storstova var lyst ut, og vinnarane kåra og gjort kjend på jubileumsfesten 10. juni.
- Bygdelaget overrekte Gladihaug-pokalen til Cecilie Selvik. Styret i Hjelmås Handelslag vart kåra til årets sambygding, for dugnadsinnsatsen deira med å redde nærbutikken i ei krevjande omstillingsfase.
- Liv og lyst i nauset: 35 sambygdingar i alderen 12 til 84 år samla seg til ein kulturell Liv og Lyst-kveld i nauset til Øystein Angelskår. Erik Bye og Jakob Sande var med på grammofon i kulturprogrammet, og tankane bak Liv og Lyst-prosjektet som bygdga vår er ein del av, vart kort presentert
- Kreativ Liv og lyst-kvelds. Der diskuterte me tiltak for berekraftig bygd, resirkulering og gjenbruk, og mulighetar for ein pop-up bygdelagskafé som kanskje kan vera myldreplass for nye idéar.
- I november vart det arrangert ein vandrande matfestival der om lag 40 deltakarar – mange som ikkje kjende kvarandre frå før, gjekk i grupper og fekk servert forrett, hovudrett og dessert i fire forskjellige vertshus. Kvelden vart ein stor suksess med mange nye bekjentskapar i ekte Liv og Lyst-ånd.

Fråsegner

Bygdelaget leverte ei høyringsfråsegn i året som gjekk:

- Høyringsvar - søknad om auka areal og biomasse på lokalitet Eikebærånæ

Tiltak


- Bygdelaget søkte vidare Liv og lyst-finansiering til felles aktivitetsprosjekt for bygda for ein treårs-periode. Søknaden vart innvilga med 300 000 kroner på slutten av året. I tillegg kjem stønad frå Lindås kommune i same periode. Eit av formåla i prosjektet er å sikra god samhandling, integrering og felles kulturbygging mellom dei som bur i bygda frå før og nye innbyggjarar til ei bygd i vekst. Tiltaka fortset i prosjektperioden.
- I vinterferien vart eit LLB anlegg til kr. 630 000 montert i Storstova. Bygdelaget betalte halvparten av kostnaden for anlegget, altså 315 000.
- Nettsidene 5915.no fekk ei større oppgradering og forenkling og ny teknisk plattform i februar. Nettstaden er ikkje ein nyhetskanal, men ei statisk informasjonsside og ein plass til å formidla faste aktivitetar, og fortelja om folk og hendingar som har interesse av meir varig karakter enn det som er typisk for nyhende-informasjon
- Facebook er den plattformen som vert oftast oppdatert med kalenderaktivitetar og nyhende, då det er gjennom denne kanalen ein når flest interesserte med løpande informasjon og diskusjonar.

Økonomi og medlemskap

Økonomien i Bygdelaget har gjennom året hatt nokre utfordringar. Hovudårsaka til dette var at restbetalinga av flygelet gjenstod, og at avtalen med kommunen om innbetaling av lydanlegget måtte gjerast innan 1. juli. Dette, saman med at midla frå Liv&Lyst let vente på seg, førte til at me i ein periode hadde noko stram økonomi. Me fekk også avslag på fleire av søknadane om støtte som me sendte ulike aktørar. Medlemskontingent-innbetalingane gjekk ned med over 30 prosent samanlikna med året før. Noko av årsaka til dette kan vera at utsendinga var for nær opp til sommarferien. Likevel har me klart å holde hovudet over vatnet, og økonomien viste ei fin utvikling mot slutten av året.

Hjelmås 6. mars 2019


Inger Helen Midtgård
Leiar


Elin F. Styve
skrivar